



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 26. august 2026

Stad: Lavik kyrkjekontor

Til stades:

Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordahl, Inger Cecilie Fitje og Toril Lange.

Fråfall: Bjørn Harald Nybø og Regine Borlaug Pettersen

Ord til opning v/ Inger Cecilie. Dagens bibelord Luk 17.7-10

Godkjenning av innkalling, referat 20. mai 2026 og sakliste.

Meldingssaker:

08/26: Sidan sist:

Gudsteneste: 7. juni (friluftsgudsteneste), 34 stk

Fin gudsteneste, god kyrkjekaffi og mykje prat. Folk hadde god td.

Trafikken frå E39 var noko sjenerande.

26. juli (Alværa) – det var tenkt friluftsgudsteneste, men pga veret var gudstenesta inne.

Onsdagsgrill 10. juni – vart bestemt ganske seint, men 25 born/vaksne. Det regna, så ein åt inne i matsalen.

Sommarleir 10.-12. august: 7 born og 3 ungdomar frå Lavik

09/26: Nytt frå fellesrådet - møte 18. juni

10/26: Info

Trusopplærer _ Eirik Halsnes er tilsett som i stillinga frå 1. sept. Han skal jobbe 40% i Høyanger (mykje konfirmentar), 20 % Hyllestad, 20 % i Sunnfjord, 20 % i Kinn.

Kontorstad Førde, Nærmaste overordna er prosten.

26. sept.- Bjørgvinsamtalen Vassenden – inspirasjonssamling for sokneråd; invitasjon er sendt på e-post frå Stig Jonny 17. 06. Påmelding til Stig Jonny, frist 14. september.

Konsert Ornevik kyrkje Adam Douglas – informasjon finn ein på facebook og i Helgestunder 2/26.

Helgestunder 2/26 kom i postkassane i midten av august.. Ikkje alt stoffet fekk plass.

Helgestunder 3/26 kjem ut til advent.

Konfirment 27 – det er fellesopplegg for alle konfirmentar i kommunen. Første samling er Kick off på Alværa 4. september. 3 konfirmentar har adresse Lavik.

11/26: Orgelet i Lavik kyrkje.

Vi har tidlegare fått e-post frå Jobbagy om tilstanden til orgelet og kva som

kva som bør/må/kan gjerast. Fellesrådet drøfta orgelsituasjonen i kommunen og i referatet står det:

«Orgela våre – tilstand og vegen vidare.

Dette vert sak på neste møte i fellesrådet. Då må det veljast ei orgelnemnd som kan jobbe vidare med plan for orgla i kyrkjene i kommunen. Orgelet i Lavik er det som hastar mest, men ein må og starte arbeidet for orgelet i Høyanger kyrkje.»

Kva vil soknerådet og kva gjer vi?

Soknerådet syns at digitalt orgel kan vere ei god løysing.

Ein må vurdere kor mykje kyrkja vert brukt og kva den vert brukt til. Ikkje alle kyrkjene i kommunen treng eit konsertorgel.

Ein drøfta mogelege namn som kan vere med i gruppe/komite som skal sjå på orgela i kommunen.

Vedtakssaker:

11/26: Gudsplanen hausten 2026 -

oppgåvefordeling klokkar. Kyrkjevert

30. august kl. 11.00: Konfirmantpresentasjon/ 50-årskonfirmantar

Kyrkjevert: Eldrun Klokkar: Toril Takkoffer: Barnevakten

Kyrjekaffi i bispestova

27. september kl. 11.00: Hausttakkefest med utdeling av bøker til born.

Alle born er velkomne, men 4. – 6. åringar får invitasjon i posten.

Kyrkjevert: Regine Klokkar: Toril Takkoffer: Søndagsskulen

25. oktober kl 11.00 – Minnedag

Kyrkjevert: Maria Klokkar: Torunn Takkoffer: Kirkens SOS

29. november kl. 19.00: Lysmesse

24. desember kl 15.00: Familiegudsteneste Katrin/Toril

12/26: Aktivitetar hausten 2026

4. og 6-årssamling/myldresamling: 23. september kl. 17.15

Invitasjon i posten. Regine og Toril planlegg og gjennomfører.

Vi satser på familiesamling ca 1 gong i mnd. Onsdag ser ut til å vere ein god dag.

Følgjande datoer for onsdagstaco: 30. sept, 28. oktober, 25. november

Mat og prat – onsdag 11. eller torsdag 12. november . Toril tar kontakt med fjorårskonfirmant og Geir.

Salmekveld - På neste møte må ein bestemme om ein skal ha salmekveld og i tilfelle korleis, når og ansvarleg.

13/26: Gulen -modellen, felles sokneråd for sokna i Høyanger?

På soknerådsmøte 20. mai drøfta vi dette og i referatet frå møtet kan vi lese:

«Lavik sokneråd har god økonomi, og det er viktig at pengane kan brukast i kyrkjelyden i Lavik. Det vart snakka om beløpet kunne setjast av på fond. Det bør i tilfelle ikkje vere ei grense på kor mykje ein kan bruke kvart år, ei heller tidsramme for

kor lenge kyrkjelyden kan disponere pengane. Det vart bestemt at saka skal takast opp att på møtet i august for vidare tankar om dette»

No er det august og vi må ta stilling til: Vil Lavik framleis ha eige sokneråd eller går vi inn for 1 felles sokneråd for heile kommunen.

Vedtak:

Lavik sokneråd går inn for at Lavik sokn framleis er eige sokn.

Vi ser gjerne at det vert meir samarbeid mellom sokna der det er naturleg.

Felles soknerådsmøte: 14. oktober kl. 18.00 -20.30 på Alværa

Lavik sokneråd samlast til møte i forkant, frå kl 17.00 til 18.00

Neste soknerådsmøte

Lavik 01.09 2026

Toril Lange

Soknerådsleiar